



## Notat

Dato: 05.11.2019  
Arkivsak: 2015/11453-214  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Styret for Fagskolen i Hordaland

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### Oppdragsverksemd

I styremøte 12.09.2019 vart sak PS 35/2019 om oppdragsverksemd handsama og følgjande vedtak vart gjort:

1. Fagskulen må etablere gode rutinar for oppdragsverksemd i høve til start, drift, føring og oppfølging.
2. Fagskulen må lage ein strategi for kursverksemda i tråd med skulen sin utvikling og arbeidslivet sitt kompetansebehov.

Fagskulen vil komme attende med ei strategi og rutineomtale for kursverksemda ved fagskulen i fortsettinga.

#### Rutinar

I høve til rutinar så har fagskulen gjennom tidlegare kursverksemd rutinar for å opprette kurs og føre rekneskap etter gjeldande reglar, og skulen vil revidere desse og sørge for at rutinane er godt kjent og brukt av alle som er involvert i kursverksemda. Dei tidlegare fagskulane Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole har hatt ulike rutinar og praksis knytt til kursverksemd, og det er derfor behov for å sikre at det ved Fagskolen i Hordaland er éin felles praksis for å opprette og drive kurs.

#### Strategi

Fagskulen vil satse på kursverksemd framover for å vere ein større og tydeleg aktør i regionen i høve til både utdanning og etter- og vidareutdanning. Arbeidslivet i regionen har eit stort kompetansebehov og fagskulen må bidra til å imøtekome dette behovet. Vidare er det viktig for fagskulen å vidareutvikle fagmiljøa ved heile skulen og få eit større økonomisk handlingsrom ved å sørge for inntekter gjennom kurs.

Fagskulen ønskjer å undersøke, gjennom dialog med næringslivet, kva kurstilbod arbeidslivet for tida har behov for. Ei slik undersøking må skulen gjere med jamne mellomrom for å heile tida vere oppdatert på kurstilbodet. Dei siste åra har det vore låg aktivitet i kursverksemda og skulen ønskjer å trappe opp igjen aktiviteten, samt å utvikle ny kurstilbod. I dette arbeidet vil ein starte med å tilby kurs retta mot petroleumsnæringa der skulen allereie har etablerte kurstilbod og ressursar som kan starta opp raskt. T.d. vil det bli gitt kurs innan bore- og brønnteknikk allereie i januar 2020. Vidare vil fagskulen satse meir på kurs

der skulen kan nytte sine naturlege fortrinn i høve til alt det gode utstyret ein har, slik som simulatorar og laboratorium.

Vidare vil fagskulen i fortsettinga arbeide aktivt med merkevarebygging av skulen som ein god kursleverandør for å sikre ei auka etterspurnad og aktivitet ved skulen. Skulen vil også setje av ressurs til å administrere kursverksemda og gjere ei vurdering av korleis verksemda skal organiserast, t.d. gjennom ei eiga eining ved skulen e.l.